

# STIFTINGA G-KULTUR

www.g-kultur.no

Oslo, 2.10. 2017

## P R E S S E M E L D I N G

### Tildeling av stønader

På styremøtet i Stiftinga G-Kultur 27. september vart det vedteke følgjande tildeling av stønader til prosjekt i Gudbrandsdalen:

Ole Bratlien	5.000 kr.	Artikkel i Årbok for Gudbrandsdalen 2017 om Reidar Hagen - «Historia om ein diskoskastar frå Kvikne».
Mads Erik Odde	5.000 kr.	Slåttar arrangert for akkordeon, notehefte.
Mari Skeie Ljones	5.000 kr.	Plateinnspeling: Tradisjonsmusikk frå Sør-Gudbrandsdalen.
FolkRekrutt v/Mari Midtli	10.000 kr.	FolkRekrutt 2017-2018.
Sing Song Singers Støtteforening	15.000 kr.	«Blanda Drops», jubileumskonsert 2018.

### Éi søknadsrunde i 2018

Styret vedtok at det i 2018 skal vere berre éin frist for søknader til G-Kultur, 1. februar.

### Satsing for unge skribentar

G-Kultur kjem nå til å starte planlegging av ei satsing fram mot 2019 og 2020, der vi ønskjer å involvere unge skribentar og forfattarar frå Gudbrandsdalen. Eit konkret opplegg for dette vil bli diskutert på styremøtet i G-Kultur i februar 2018.

### Kontakt for meir informasjon:

Knut Hovslien, styreleiar	knut.hovslien@online.no / 9719 5148
Kjell Austin, sekretær	kaustin@online.no / 4150 9460
Lars Ole Ørjasæter, kasserar	lars.ole.orjaseter@gmail.no / 9085 9406

---

### Stiftinga G-Kultur

Stiftinga G-Kultur forvaltar midlane etter Gudbrandsdalslaget i Oslo som vart nedlagt i 2013, og har blant anna som formål å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Stønad blir gjeve både til amatørar og profesjonelle innan skapande og utøvande verksemd. Det blir teke ekstra omsyn til prosjekt og tiltak som har barn og unge som utøvarar og/eller målgruppe.